

Møteprotokoll

Utval	Kommunestyret
Møtestad	Rådhuset
Dato	18.06.2026
Tidspunkt	kl 09:00 - 15:45

Frammøtte	Parti
Geir Arne Kvam	AP
Gunn Beate Thorsnes Lefdal	AP
Jonny Gjerde	AP
Kåre Hønsi	AP
Oddstein Haugen	AP
Svein Tore Heltne	AP
Vivian Kvam	AP
Ernst Veum	FrP
Britt Dagrunn Brugrand	H
Elisabeth Stokkenes	H
Jonatan Hurthi	Krf
Ole Martin Brennsæter	Krf
Andreas Wollnick Wiese	SP
Ann Kristin Sperle	SP
Knut Hauge	SP
Magnar Bjørk	SP
Marianne Bugge	SP
Martha Boksasp Lerum	SP
Marthe Gjerde	SP
Olav Høyheim Einan	SP
Liv Endresen	SV
Kjetil Melheim	V

Forfall	Parti	Varamedlem	Parti
Helene Selland	AP	Lars Jørgen Kjærvik	AP
Geir Arve Sandvik	H	Øyvind Tørvik	H
Einar Bolstad	SP	Grethe Kristin Leirdal	SP

Marthe Gjerde fekk permisjon kl.15.15.

Andre som møtte:

Kommunedirektør Jon Bolstad, politisk sekretariat Anita Bjørk Ruud med unntak av siste lukka del i sak 54.

I sak 53/26 møtte barnevernstenesta ved leiar Elin Pettersen og kommunekontakt Ingunn Breili, kommunalsjef Knut Åge Teigen og rådgjevar Marianne Beheim Sønnesyn.

Ass. kommunedirektør Ole Gunnar Krakhellen møtte under handsaming av sakene på saklista, med unntak av siste lukka del i sak 54.

På temamøtet oppvekst:

Kommunalsjef Knut Åge Teigen, rektor Linda Øvregard Røhme, rektor Mette Reinertsen, leiande helsesjukepleiar Berit Skjerdal, rådgjevar Marianne Beheim Sønnesyn, rådgjevar Aslaug Øydvin og lærar Katrin Henden Nondal.

Frå ungdommen sitt kommunestyre: Hans Fredrik Hagelin Moe, Zahra Almohammad, Olav Hagelin Moe, Ellisiv Olsen Sjøthun, Ingrid Johanne Hurthi, Iver Hofslundsengen.

Underskrifter:

Ann Kristin Sperle

Lars Jørgen Kjærvik

Andreas Wollnick Wiese
ordfører

Jon Bolstad
kommunedirektør

Saksliste

Saknr	Sakstittel
40/26	Konstituering av møte
41/26	Orienteringssak: møteprotokoll frå sist møte
42/26	Tilstandsrapport for oppvekst Luster kommune 2025
43/26	Indre Hafslo oppvekstssenter, byggerekneskap
44/26	Byggerekneskap, nye Hafslo barnehage
45/26	Detaljregulering for Gaupnegrandane - planid 2021005. Delvis eigengodkjenning
46/26	Reguleringsplan - Gaupne sentrum - planID 2023002. Slutthandsaming
47/26	Endring av samarbeidsavtale for Vest brann- og redningsregion KO
48/26	Kommunedelplan avløp 2026-2036 - Luster kommune
49/26	FV 55 vidare strategi - utbetringstiltak
50/26	Reviderte retningslinjer for varsling av kritikkverdige forhold på arbeidsplassen - Luster kommune
51/26	Søknad om mellombels fritak frå offentlege verv på grunn av utanlandsopphald i utdanning
52/26	Veteranplan for Sognaregionen
53/26	Tilstandsrapport for Sogn barnevern 2025
54/26	Orienteringar, drøftingar og open post
55/26	Referatsaker

40/26 Konstituering av møte

Kommunestyret 18.06.2026

Handsaming

- Opprop, 25 frammøtte.
- Godkjenning av innkalling, *ingen merknad*.
- Godkjenning av sakliste
- Godkjenning av dagsorden
- Lars Jørgen Kjærvik og Ann Kristin Sperle vart føreslegne til å godkjenne og signere protokoll frå dagens møte. Dei vart samrøystes valde.

KOM - 40/26 vedtak

Lars Jørgen Kjærvik og Ann Kristin Sperle vert valde til å godkjenne og signere protokoll frå dagens møte.

41/26 Orienteringssak: møteprotokoll frå sist møte

Kommunestyret 18.06.2026

Handsaming

Det var ikkje merknad til protokoll frå sist møte.

KOM - 41/26 vedtak

Protokoll frå sist møte, den 21.05.26 vert referert utan merknader.

42/26 Tilstandsrapport for oppvekst Luster kommune 2025

Kommunestyret 18.06.2026

Handsaming

Kommunestyret fekk orientering om tilstandsrapporten i eige temamøte på føremiddagen.

Presentasjonen ligg vedlagt i saka.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

KOM - 42/26 vedtak

Kommunestyret tek tilstandsrapport for Oppvekst 2025 til vitande.

43/26 Indre Hafslo oppvekstssenter, byggerekneskap

Kommunestyret 18.06.2026

Handsaming

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

KOM - 43/26 vedtak

1. Kommunestyret godkjenner byggerekneskap for ombygging av Indre Hafslo oppvekstssenter.
2. Meirforbruk på kr. 2.489.154,- blir finansiert av ubrukte lånemidlar.

44/26 Byggerekneskap, nye Hafslo barnehage

Kommunestyret 18.06.2026

Handsaming

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

KOM - 44/26 vedtak

1. Kommunestyret godkjenner byggerekneskap for Nye Hafslo barnehage.
2. Meirforbruk på kr 5.171.910,- vert finansiert av ubrukte lånemidlar.

45/26 Detaljregulering for Gaupnegrandane - planid 2021005. Delvis eigengodkjenning

Kommunestyret 18.06.2026

Handsaming

Administrasjonen orienterte om reguleringsplanen og plankart.

Plan- og forvaltningsutvalet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KOM - 45/26 vedtak

1. Kommunestyret vedtek detaljreguleringsplan Gaupnegrandane planID 2021005 med tilhøyrande reguleringsføresegner datert 29.05.2026 med heimel plan- og bygningsloven § 12-12 vedteken, jf vedlegg 1-4 med unntak av KT1 og KT2 og tilgrensande areal innanfor stipla firkant på vedlegg 0-1.
2. Alternativ 2 vert valt for SB5.

46/26 Reguleringsplan - Gaupne sentrum - planID 2023002. Slutthandsaming

Vedtak som innstilling frå Plan- og forvaltningsutvalet, 09.06.2026 - 39/26

1. I medhald av § 12- 12 1. ledd i plan- og bygningslova, eigengodkjenner Luster kommune detaljreguleringsplan for Gaupne sentrum, planID 2023002.
2. Kommunestyret vedtek at føremålet GAA skal inngå i planen.

Kommunestyret 18.06.2026

Handsaming

Administrasjonen orienterte i møtet, og presenterte framlegg til plankart dat. 15.03.26 og tilråding presentert i notat utsendt 16.06.26.

1. I medhald av § 12- 12 1. ledd i plan- og bygningslova, eigengodkjenner Luster kommune detaljreguleringsplan for Gaupne sentrum, planID 2023002.
2. Kommunestyret vedtek at føremålet GAA skal inngå i planen.
3. Kommunestyret vedtek revidert plankart datert 15.06.2026, og øvrige dokument vert oppdatert for å samsvare med vedteke plankart.

Tilrådinga presentert i møtet vart samrøystes vedteke.

KOM - 46/26 vedtak

1. I medhald av § 12- 12 1. ledd i plan- og bygningslova, eigengodkjenner Luster kommune detaljreguleringsplan for Gaupne sentrum, planID 2023002.
2. Kommunestyret vedtek at føremålet GAA skal inngå i planen.
3. Kommunestyret vedtek revidert plankart datert 15.06.2026, og øvrige dokument vert oppdatert for å samsvare med vedteke plankart.

47/26 Endring av samarbeidsavtale for Vest brann- og redningsregion KO

Kommunestyret 18.06.2026

Handsaming

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Framlegg i møtet på at ordførar og varaordførar vert valde som representant og vararepresentant i representantskapet. Dei vart samrøystes valde.

KOM - 47/26 vedtak

Luster kommunestyre vedtek endringane i samarbeidsavtalen for Vest brann- og redningsregion kommunalt oppgåvefelleskap.

Ordførar Andreas Wollnick Wiese vert vald som kommunen sin representant i representantskapet for resten av valperioden 23-27.

Varaordførar Geir Arve Sandvik vert vald som personleg vararepresentant i representantskapet for resten av valperioden 23-27.

48/26 Kommunedelplan avløp 2026-2036 - Luster kommune

Kommunestyret 18.06.2026

Handsaming

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

KOM - 48/26 vedtak

I medhald av plan- og bygningsloven § 11-15 vedtek kommunestyret kommunedelplan for avløp 2026-2036, versjon 31.05.26

49/26 FV 55 vidare strategi - utbetringstiltak

Kommunestyret 18.06.2026

Handsaming

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

KOM - 49/26 vedtak

1. Luster kommune søker Vestland Fylkeskommune om samfinansiering av vegtiltak på FV55 mellom Gaupne og Fortun. Ein syner til vedlagt oversikt over kartlagde punkt for utbetringar.
2. Fylkeskommunen har i regional transportplan omtalt posten samfinansiering slik:
«Samfinansiering er eit verktøy for få realisert fleire fylkesvegprosjekt i samarbeid mellom fylkeskommunen og kommunar, private verksemdar eller staten. For å bli vurdert bør tiltaket gi betre trafikktryggleik, betre framkome, vera tiltak for mjuke trafikantar eller kollektivtiltak.
Midlane skal nyttast til mindre prosjekt der andre går inn med bidrag.
3. Ein syner til likande prosjekt i andre kommunar i fylket og ber kommunedirektør gå i dialog med fylkeskommunen med sikte på raskt å kome i gang med planlegging, prioritering og igangsetting.
4. Luster kommune løyver inntil 15 millionar kroner til arbeidet. Finansiering gjennom næringsfondet.

50/26 Reviderte retningslinjer for varsling av kritikkverdige forhold på arbeidsplassen - Luster kommune

Formannskapetet si tilråding, 10.06.2026 - 107/26

1. Kommunestyret vedtek "Retningslinjer for varsling av kritikkverdige forhold", slik dei er lagde fram i vedlegg 1 datert 5.5.2026.

Pkt. 7 vert endra til:

Når eit varsel gjeld kommunedirektøren, skal det behandlast av politisk nivå med støtte frå ekstern juridisk rådgjevar. Varsling kan då rettast til ordførar eller det politiske arbeidsgjevarutvalet, som fungerer som kommunens varslingsmottak for slike saker. Det politiske arbeidsgjevarutvalet er i denne samanheng definert som arbeidsgjevarrepresentantane i administrasjonsutvalet. Arbeidsgjevarutvalet handsamar varselet og skal støtte seg på ekstern juridisk kompetanse for å avklare omfang og prosess. Med grunnlag i den eksterne rådgjevinga kan arbeidsgjevarutvalet avslutte saker som er ugrunna eller avgrensa, og avgjere tiltak og vidare oppfølging.

Saka vert slutthandsama av formannskapet dersom eit medlem ber om det.

2. Retningslinjene trer i kraft straks og erstattar tidlegare rutinar.

3. Retningslinjene skal gjerast lett tilgjengelege på kommunen sitt intranett og i kvalitetssystemet.

Kommunestyret 18.06.2026

Handsaming

Fellesframlegg i møtet om nytt punkt 7 frå AP, FRP, SV, V, KRF, H og SP:

Når eit varsel gjeld kommunedirektøren direkte skal det rettast til ordførar eller eit av dei andre medlemmane i arbeidsgivarutvalet (dei politisk valte medlemmane i administrasjonsutvalet), eller direkte til postmottak.

Dei politisk valde medlemmane i administrasjonsutvalet tek stilling til om meldinga er eit varsel på kommunedirektøren direkte, og vurderer kor vidt det skal gjerast strakstiltak opp mot varslaren i tråd med plikta til omsorg og førebygging av gjengjelding i arbeidsmiljølova § 2 A-3 (2).

Dei politisk valde medlemmane i administrasjonsutvalet sender varselet vidare til undersøking hjå ekstern juridisk rådgjevar. Ekstern juridisk rådgivar utfører undersøking av varselet, vurderer kor vidt det føreligg kritikkverdige forhold etter arbeidsmiljølova og sender innstilling til vedtak, og føresler oppfylgingstiltak for arbeidsgivarutvalet. Arbeidsgivarutvalet tek stilling til rapporten frå juridisk rådgjevar, og ber om utvida undersøking ved behov. Arbeidsgivarutvalet tek deretter stilling til kva eventuelle tiltak som skal setjast i verk. Dersom eit medlem i arbeidsgivarutvalet ønskjer det, skal behandlinga av varselet løftast opp til formannskapet.

Arbeidsgivarutvalet skal vurdere om det skal hentast inn ytterlegare juridisk bistand som kan hentast frå andre kommuner eller uavhengig advokatfirma.

Formannskapet si tilråding med nytt punkt 7, presentert i møtet, vart samrøystes vedteke.

KOM - 50/26 vedtak

1. Kommunestyret vedtek "Retningslinjer for varsling av kritikkverdige forhold", slik dei er lagde fram i vedlegg 1 datert 5.5.2026.

Pkt. 7 vert endra til:

Når eit varsel gjeld kommunedirektøren direkte skal det rettast til ordførar eller eit av dei andre medlemmane i arbeidsgivarutvalet (dei politisk valte medlemmane i administrasjonsutvalet), eller direkte til postmottak.

Dei politisk valde medlemmane i administrasjonsutvalet tek stilling til om meldinga er eit varsel på kommunedirektøren direkte, og vurderer kor vidt det skal gjerast strakstiltak opp mot varslaren i tråd med plikta til omsorg og førebygging av gjengjelding i arbeidsmiljølova § 2 A-3 (2).

Dei politisk valde medlemmane i administrasjonsutvalet sender varselet vidare til undersøking hjå ekstern juridisk rådgjevar. Ekstern juridisk rådgivar utfører undersøking av varselet, vurderer kor vidt det føreligg kritikkverdige forhold etter arbeidsmiljølova og sender innstilling til vedtak, og føresler oppfylgningstiltak for arbeidsgivarutvalet.

Arbeidsgivarutvalet tek stilling til rapporten frå juridisk rådgjevar, og ber om utvida undersøking ved behov. Arbeidsgivarutvalet tek deretter stilling til kva eventuelle tiltak som skal setjast i verk. Dersom eit medlem i arbeidsgivarutvalet ønskjer det, skal behandlinga av varselet løftast opp til formannskapet.

Arbeidsgivarutvalet skal vurdere om det skal hentast inn ytterlegare juridisk bistand som kan hentast frå andre kommuner eller uavhengig advokatfirma.

2. Retningslinjene trer i kraft straks og erstattar tidlegare rutinar.
3. Retningslinjene skal gjerast lett tilgjengelege på kommunen sitt intranett og i kvalitetssystemet.

51/26 Søknad om mellombels fritak frå offentlege verv på grunn av utanlandsopphald i utdanning

Kommunestyret 18.06.2026

Handsaming

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Framlegg frå AP v/Gunn Beate Thorsnes Lefdal om at Synne Nes Veum vert personleg varamedlem for Liv Endresen. Synne Nes Veum vart samrøystes vald.

KOM - 51/26 vedtak

Kommunestyret vedtek at Helene Selland får mellombels fritak frå følgjande verv i perioden 1. september - 1. desember 2026 på grunn av utanlandsopphald i utdanning:

- kommunestyrerepresentant
- personleg vara for Liv Endresen i representantskapen i Sognarådet IPR
- 2.varaobservatør i ungdommen sitt kommunestyre
- 4.vara til formannskapet

Kommunestyret vel Synne Nes Veum som personleg vara for Liv Endresen i representantskapen i Sognarådet IPR i perioden 1. september - 1. desember 2026.

52/26 Veteranplan for Sognaregionen

Kommunestyret 18.06.2026

Handsaming

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

KOM - 52/26 vedtak

Luster kommunestyre vedtek veteranplanen for Sognaregionen.

53/26 Tilstandsrapport for Sogn barnevern 2025

Kommunestyret 18.06.2026

Handsaming

Sogn barnevernsteneste ved Elin Pettersen og Ingunn Breili orienterte i møtet, sjå vedlagde presentasjon.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

KOM - 53/26 vedtak

Kommunestyret tek Sogn barnevern sin tilstandsrapport for 2025 til vitande.

54/26 Orienteringar, drøftingar og open post

Kommunestyret 18.06.2026

Handsaming

54/26 Orienteringar, drøftingar og open post

Kommunestyret 18.06.2026

Handsaming

Program temamøte oppvekst kl. 09.00 - 12.00:

Presentasjon tilstandsrapport oppvekst, sjå vedlagt presentasjon.

Innlegg frå Ungdommen sitt kommunestyre. Kva skapar det gode klasse- og skulemiljøet. Sjå vedlagt presentasjon.

Arbeid i temastasjonar: Sjå vedlagde presentasjonar.

1. Systemarbeid skulemiljø
2. Dysleksivenleg skule
3. Skulemiljøarbeid i praksis

Orientering:

- Kommunesamarbeid, ordførar informerte om at samarbeidet på tenestenivå fungerer godt. Politisk gjenstår det noko arbeid for å samordne oss i viktige saker. Det vil bli jobba med utover hausten.
- Ordførar svara på oppfølgingsspørsmål frå Ole Martin Brennsæter frå sist møte den 21.5.26. Sjå vedlagde svar frå ordføraren.

Open post:

Ann Kristin Sperle hadde spørsmål om det er mogleg med ei smidigare tilnærming til næringsutvikling i distrikts Noreg. Ho viste til ei klagesak i plan- og forvaltningsutvalet i oktober 25, der PFU ville gje dispensasjon til å bygge eit lagerbygg i LNF område. Små gardsbruk er ikkje levedyktige utan tilleggsnæring. Saka har vore på høyring hjå statsforvaltar, det har vore synfaring, men søkjar har meldt at det ikkje skjer meir. Senterpartiet spør kva skal til for å kunne handsame slike dispensasjonssaker raskare?

Ass. kommunedirektør Ole Gunnar Krakhellen svara at enkelte søknadsprosessar klarar ikkje kommunen å halde framdrifta som søkjar ønskjer. Nokre saker er kompliserte, ofte fordi ein ikkje veit alt når ein startar saka. Når det er spørsmål om omdisponering av dyrka mark, naturfare tek det lengre tid på grunn av høyringar og vår kapasitet i sakshandsaminga.

Ernst Veum tok opp spørsmål om kor mange planar kommunen har, kor mange er relevante og kor mange er ikkje lengre aktuelle? Han viste til at ein kommune i Sogneregionen skal gjennomføre planvask.

Kommunedirektør Jon Bolstad svara at kommunen har god oversikt over planar, og Veum skal få svar på kor mange me har. Gjennom kommuneplanen sin arealdel har også Luster planvask av gamle reguleringsplanar. På mange område er det krav om planar, som kommunen må ha i si forvaltning og myndigheitsutøving. Har du gode planar med rammeverk kan enkeltsaker handsamast raskare.

Geir Arne Kvam viste til protokoll frå administrasjonsutvalet i mai, der det vart informert om at det pågår prosessar på økonomiområdet. Er det ein eller to prosessar? Kvifor er endringar i organisasjonen på dette området naudsynt pr. i dag og kva er framdrift, tidshorisont?

Kommunedirektør Jon Bolstad svara at reorganisering innan økonomiavdelinga ikkje er ferdig. Det er ikkje mogleg å sei heilt når arbeidet er slutført. Det er kommunedirektøren sitt ansvar å organisere kommunen, og i det ansvaret ligg det å vurdere om me har rett organisering, rapportering mm. Slike prosessar tek tid. Organisasjonsendring og utvikling skal sjølvstøtt føregå innan regelverk for medverknad og medbestemmelse. Kommunedirektøren tek avgjerd til slutt.

Jonatan Hurthi viste til at kveldsfly kjem til Haukåsen kl. 22.00 om kvelden, flybussen kjem til skysstasjonen kl. 22.35 og bussen frå Sogndal til Fortun går kl. 22.30. Kan kommunen sende førespurnad til Skyss om det kan samordnast betre slik at flypassasjerer kan rekke bussen innover Lustrafjorden, til dømes at den har avreise 10 minutt seinare, kl. 22.40? Ordførar vil ta dette vidare med Skyss og i flyplassutvalet som Sognarådet har oppretta. Dette må løysast.

Elisabeth Stokkenes viste til sak om varslingsreglement der det er presisert at tillit til og i kommunen er viktig. Det er viktig med ein kultur som ynskjer tilbakemeldingar med kritiske spørsmål og forslag til forbetringar. Er me gode nok på tilbakemeldingskultur? Er det lett og trygt for tilsette å gje tilbakemeldingar og kritiske innspel som ikkje er varsel? Medarbeiderundersøkingar er godt verktøy for tilbakemelding, og me oppmodar om at det blir brukt som verktøy på alle nivå i organisasjonen.

Kommunedirektør Jon Bolstad takka for innlegg om ytringskultur. Kommunen har medarbeidarundersøkingar, neste blir gjennomført no til hausten. Den går til alle medarbeidarar og dannar grunnlag for samanlikningar over tid. Den dannar og grunnlag for ev. finkartleggingar. Undersøkinga blir fulgt opp via arbeidsmiljøutvalet, administrasjonsutvalet og i organisasjonen. «Kultur» kan ikkje vedtakast, men må jobbast med.

Magnar Bjørk viste til to saker der han ber om betre datagrunnlag før avgjerd vert teke i kommunestyret. Det gjeld bygging av datasenter i Gaupne og tolegrense for cruise. Bjørk var kritisk til at all kraft som blir produsert i Luster blir brukt i Luster, når det mellom anna er behov for meir kraft i Årdal.

Liv Endresen ønska informasjon i forhold til mediasak i forkant av møtet.

Møtet vart lukka med heimel i kommunelova 11-5, tredje ledd, jf. forvaltningslova § 13, personvern.

Ordførar og formannskapet hadde dialog med kommunestyret om innkomne epostar.

KOM - 54/26 vedtak

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

55/26 Referatsaker**Kommunestyret 18.06.2026****Handsaming**

Det var ikkje spørsmål/merknad til framlagd referatsak.

KOM - 55/26 vedtak

Referatsaka vert teken til orientering.